

Årsmelding for 2002



*Pollen og sporer
– kilde til kunnskap om
vår forhistorie*



Arkeologisk museum
i Stavanger

Perspektiv

Innleiing

Det viktigaste politiske dokumentet som AmS styrer etter er Stortingsmelding nr. 22 "Arkiv, bibliotek og museum" samt departementet sitt tildelingsbrev.

2002 var prega av stor aktivitet og mange gode resultat, men og av stramme budsjetttrammer og prioriteringar.

Eksternt samarbeid

Sidan ei samanslåing med Stavanger Museum synt seg å vera vanskeleg, har vi prioritert eit fagleg og praktisk samarbeid, som vi vil byggja ut over tid.

Dei rekonstruerte anlegga på Forsand (Landa) og i Stavanger (Jernaldergarden) er begge ved årsskiftet i ferd med å bli restrukturert, med fokus på kjerneområda.

Nasjonalt har vi særleg arbeid saman med Riksantikvaren, NIKU, ABM-utvikling, Høgskolen i

Stavanger og Norges Forskningsråd.

Innan internasjonalt samarbeid har vi prioritert nettverksbygging ved konkrete prosjekt i Zambia (konsulent for Riksantikvaren) og Sarajevo (for Kultur- og kyrkjedepartementet), samt Nordisk Museumsfestival som vart arrangert i Stavanger. Vi starta i byrjinga av året arbeidet med å få innleigd ei utstilling frå Kina, medan Kings-prosjektet vart endeleg avslutta.

Forskning og utvikling

Ei av dei viktigaste oppgåvene har vore å utarbeida eit opplegg for evaluering av FoU-veksemda ved AmS. Ei evaluering på eit høyt nok nivå krev avklaring med departementet før vi går vidare. Saka har vore diskutert med forskingsrådet.

AmS har i løpet av dei siste åra gjennomført store tverrfaglege prosjekt som har gjeve faglege resultat av god kvalitet. Mellom anna vart den omfattande tverrfaglege

undersøkjinga på Gausel i Stavanger kommune publisert i AmS-Varia 39 i 2002. Det er ei sentral utfordring å ivareta og vidareutvikla denne kompetansen og faglege kvaliteten framover. Prosjektet "Vestnordisk byggeskikk i vikingtid og middelalder" finansiert av NOS-H (Nordisk råd) gjekk inn i sitt tredje og siste år.

Vidare er det arbeid med etablering av forskingsprogramma for områda "Miljø og landskap" og "Kultur-møte" og utvikling av FoU-veksemda. AmS sine to siste stipendiatar vil avslutta sine prosjekt 2003-2004. AmS ynskjer å ha ei sentral rolle innan undervisinga i kulturminnevern. Eit pilotprosjekt om undervising i



Bjork

kulturminnevern for tilsette i kommuneforvaltninga vart sett i verk av Riksantikvaren saman med m.a. AmS, Høgskolen i Lillehammer og Høgskolen i Stavanger. Utover dette har samarbeidet med Høgskolen i Stavanger om undervising vore inne i ein usikker periode, men museet ser no fram til eit meir stabilt samarbeid i åra som kjem. Saman med andre forskingsinstitusjonar i Stavangerområdet deltek museet i arbeidet for å realisera Universitet i Stavanger.

Verket om "Norges landbrukshistorie" vart utgjeve på Samlaget med Bjørn Myhre som forfattar av halve bind 1, "Jorda blir levevei". Nordic archaeological abstracts 1998 vart utgjeve med m.a. to av AmS sine forskarar i redaksjonen.

FoU

Type	Antall
AmS vitenskapelige serier	2
Vitenskapelig nasjonalt publisering	1
Inetnasjonal publisering	3
Vitenskapelige foredrag	38
Kongresser, gjesteforelesninger AmS	7
Undervisning univ./høgskoler mv.	4
Gjesteforskere, praktikanter og lignende	4
Sensor, veiledning og lignende	5
Verv internasjonale komiteer og lignende	1
Individuelle forskningsprosjekter	35
Norske samarbeidspartnere	2
Internasjonale samarbeidspartnere	2

Organisasjon

AmS vart omorganisert frå januar 2002. Museet har 80 fast tilsette i om lag 65 årsverk. Budsjettet var på om lag 45 millionar kroner, herunder om lag ein tredel finansiert av inntekter frå oppdrag.

Ved omorganiseringa vart dei to administrative avdelingane, samt personalkonsulent, slått saman til ei avdeling. Vidare vart avdelingane for samlingar og dokumentasjon samla i ei avdeling.

Administrasjon: Ansvarsrådet er delt inn i økonomi, sekretariat, personal og bygg. I 2002 vart implementering og dokumentasjon prioritert. Mesteparten av arbeidet er faste oppgåver, som i store trekk må fungera dagleg. Kvalitetssikring i 2003 er neste fase, slik at vi har eit kvalitativt tilstrekkeleg grunnlag for nyutvikling frå 2004 og utover.

Vi starta i slutten av året arbeidet med ein ny strategiplan, som er planlagt ferdigstilt i 2003 og iverksett frå 2004.



Hassel



Lind

Formidling og publikumstenester

Den utoverretta verksemda har halde det same høge aktivitetsnivået som dei siste åra. Det er eit eller fleire tilbud til publikum dei aller fleste søndagar. Dette kan variera frå utstillingsopningar og omvisingar til aktivitetar for born og vaksne. Seks nye utstillingar vart sett opp



Furu

på museet, to eigenproduserte og fire innlånte. På åtte tysdagar om vinteren og åtte om hausten går ein foredragsserie som i beretningsåret hadde eit jamnt høgt besøk, ca. 60 framømte i gjennomsnitt.

I vinterferieveka var det eit spesialopplegg, som over 1300 nytta seg av. For sjuande år på rad arrangerte ein "Sommer på museet", ei aktivitetsutstilling der det er utarbeidd gjeremål for barn og unge og der alle besøkjande vert vegleia av ein aktivitetsleiar. Skoletenesta fulgte dei same linjer som tidlegare og med same oppslutting som føregåande år, medan dei aller fleste andre museum melder om sterk nedgang.

Museet sitt nye tilbud med arrangement av fødselsdagsselskap slo for alvor gjennom i 2002. Sjølv om berre tysdagar og laurdagar er disponible for dette tiltaket, vart det likevel halde 45 slike selskap, utan at museet driv marknadsføring. I tillegg til "bursdagsselskapene" hadde publikumsmottaket ansvaret for 60 store og små arrangement.

Museet har tilbod også utanfor sjølve museumsbygget. "Søndagstur til fortiden" gjekk til Ølen kommune sidan denne kommunen i 2002 gjekk inn i Rogaland fylke. Det var 600 til stades under arrangementet på Utbjoa. I tillegg var det invitert til "Åpen dag" ved to av stadene det føregjekk arkeologiske utgravingar (Kvåle i Time kommune og Hundvåg i Stavanger). Det var omvisingar tre gonger i Vistehola og ein på Kongsgård skole i samband med "Kulturminnedagen". Samla møtte 1300 fram på arrangementa utanfor museet.

Museet sette opp tre utstillingar eksternt; på Larviksmusea i Larvik, på Ryfylkemuseet i Suldal kommune og på Rhami M. Koc Museum i Istanbul, Tyrkia. Her kan sistnemnte utstilling trekkjast fram. Den opna 9. november og heitte "Halfdan was here!". Det var ei



Syre

utstilling om kulturmøte i perioden 400-1000 e.Kr. mellom folk frå Norden og folk frå Det bysantinske riket. Desse møta skjedde i Konstantinopel, eller Miklagard som vikingane kalla byen, og på handelsrutene som førte til byen. Det var Statoil

som hadde bestilt utstillinga, og under opninga var ti fjernsyns- og radiostasjonar og 40 pressefolk til stades. Utstillinga vart sett av 20.000 menneske.



Boring etter sedimenter

Nordisk museumsfestival vart arrangert for fjerde gong i perioden 28.09-30.09 på Sola Strand Hotell og på AmS. Det var 125 deltakarar frå Danmark, Sverige og Noreg, og 22 utstillingsbidrag konkurrerte om prisar og diplomar. Attendemeldingane var svært positive. Museet har utarbeidd eit forslag som er sendt NMU/ABM-utvikling om korleis festivalen kan organiserast med ein tilfredsstillande økonomi for framtida.

I tillegg til dei ordinære publikumsarrangementa er avdelinga ansvarleg for ei rekkje omvisingar og orienteringar for gjester frå inn- og utland, for ulike grupper som t.d. fleispråklege skoleklassar eller kommunale etatar og for representantar frå offentleg forvaltning og frå næringslivet. Avdelinga deltok også i undervisning på høgskolar og universitet, i spesiallaga undervisningsopplegg for Vegdirektoratet og i vegleiingsoppgåver for PPU-studentar.

Besøkstalet for beretningsåret var 26930 som var ein auke på 520 i høve til året før. Sal i butikk og kafé var på omlag same nivå som året før.



Gran

Årsstatistikk:

Publisert:	AmS-Småtrykk: 4
Brosjyrar:	Skolekontakten: 2
	Aktivitetskalenderen: 2
Utstillingar:	Eigenproduserte sett opp på AmS: 4
	Eigenproduserte sett opp utanfor AmS: 3
	Innlånte: 4
Besøk:	26 930, herav skoleteneste: 7204
Publikumstilbod:	Omvisingar: 21
	Opningar: 4
	Aktivitetsdagar: 24 + vinterferieveka og
	Aktivitetsutstillinga (8 uker)
	Foredrag: 16
	Bursdagsselskap: 45

Samlingar og dokumentasjon

I plan- og topografisk arkiv kom ein á jour med "løpende" oppgåver og ein del restansar vart henta inn.



Korn

Vidare er utarbeiding av standardiseringsreglar for brukarhandboka for arkivsystem kome godt i gong. Det er no utvikla standardar for føring av dei fleste typar personal- og forvaltningssaker.

I bildearkivet er tilveksten på omlag same nivå som tidlegare, det same gjeld utlån av bilder internt og eksternt. Ved slutten av året var om lag 37.000 dias skanna inn i bildedatabasen. Ein vart i løpet av året ferdig med å definera felta til tekstdelen i bildedatabasen, og er godt i gong med å leggja inn naudsynte lister som nomenklatur, UDK-tabell m.v., og med å utarbeida standardiseringsreglar for føring av fotoopplysingar.



Smalkjempe

I tillegg til "løpende" oppgåver har fotografane utført ein del eksterne engasjement; for Utsmykkingsfondet for offentlige bygg, Galleri Brandstrup, Rogaland Kunstmuseum m.fl. Avdelinga er også involvert i prosjektet "Fornminner på nett", eit samarbeidsprosjekt mellom Rogaland fylkeskommune og AmS.



Klargjering av russerbor

Aktiviteten i biblioteket har auka noko i høve til året før. Men på grunn av bemanningssituasjonen er det vanskeleg å ta fatt på større oppgåver ut over det daglege.

Innan dokumentasjonsteikning vart ei rekkje oppgåver utført i første tertial. Resten av året har stillinga vore ubesett.

IKT-planen vart ferdigstilt. I tillegg er det arrangert fem internkurs "Innføring i digital bildebehandling" for 29 tilsette.

Årets tilvekst av oldsaker vart katalogisert samstundes som ein

har fått henta inn ein del restansar. Revisjonen av magasinet pågjeikk heile året samstundes som det vart brukt ein del tid på rydding og systematisering. Redigeringa av gjenstandsdaten AmS II, stoppa opp etter 1. tertial pga. langvarig sjukemelding.

Byggforskning har arbeidd med "Vestnordisk byggeskikk i vikingtid og middelalder" og gjenoppbygging av naust og hus ulike stader i Noreg og Sverige.



Røsslyng

I samband med AmS sin samarbeidsavtale med Riksantikvaren om oppbygging av eit dokumentasjons- og konserveringssenter i Zambia, var arkiv- og biblioteksansvarleg ved NHCC Livingstone, Zambia på eit 14-dagers studiebesøk ved AmS.

	2001	2002
Planarkiv/Topografisk arkiv		
Saker - ingen merknad	906	887
Saker med merknad	908	758
	<u>1 814</u>	<u>1 645</u>
Bildearkiv		
Dias (tilvekst)	1 118	3 221
S/h bilder (tilvekst)	2 736	1 963
	<u>3 854</u>	<u>5 184</u>
Dias (bestand)	51 410	54 631
S/h bilder (bestand)	160 037	162 000
	<u>211 447</u>	<u>216 631</u>
Foto (utlån)	651	661
Billedatabase	35 000	37 700
Fotoatelier (opptak)	9 470	11 832
Bibliotek		
Tilvekst	908	935
Bestand	39 949	40 984
Utlån AmS	451	536
Utlån andre	144	137
	595	673
Innlån	260	456
Samlet innlån/utlån	<u>855</u>	<u>1 129</u>
Samlingar		
Tilvekst	58	33
Siste S-nr:	12 012	12 045
Katalogiseringsrestansar	800	750
Magasinrevisjon		
Rev. (2596-2891)	17	296



Einer

Fornminnevern



Kjerna
vert beskriven

AmS har som hovudoppgåve å vera rådgjevar i kulturminnevernet, samstundes som vi utfører arkeologiske undersøkingar i Rogaland. I museet si sakshandsaming etter kulturminnelova (kml) er det lagt vekt på å gje fagleg gode tilrådingar til Riksantikvaren (RA) samstundes som museet har arbeidd for å utvikla samarbeidet med andre instansar.

Museet handsama 18 søknader om dispensasjon frå kml §8 og fire tilrådingar til §10 vedtak hos Riksantikvaren. Samla utgjorde dette kostnadsoverslag på kr. 6,3 mill. Museet har også gjeve 14 fråsegner til NIKU/RA om dispensasjonssøknader for mellomalderbyen Stavanger. Sekstiåtte nye fornminnesaker er handsama som i tillegg til dispensasjonssøknader, inneheld meldingar om funn av og skader på fornminne og førespurnader frå privatpersonar og institusjonar. Det er registrert 2035 nye dokument i AmS sitt journalsystem frå avdelinga sitt arbeid.

I samband med endringar i oppgåvedelegeringa etter kml har NIKU fått ansvar for arkeologiske undersøkingar i Stavanger mellomalderby. Museet har derfor



Korn

i samarbeid med NIKU, etablert rutinar for sakshandsaming. Stavanger kommune planlegg omfattande byfornyng i samband med Tusenårstaden på Stavanger Torg. AmS tok initiativ til møte med NIKU og Stavanger kommune

for å få til eit godt samarbeid både i planleggjingsfasen og ved eventuelle arkeologiske undersøkingar. Vi har kome langt på veg med å konkretisera samarbeidsformer med NIKU gjennom møte i 2002. Ved årsskiftet 2002/2003 har Stavanger kommune bestilt eit forprosjekt for Tusenårstaden frå NIKU og AmS.

Av våre *arkeologiske undersøkingar* vart Hundvåg-prosjektet i Stavanger kommune avslutta i felt med ferdigstilling av steinalderundersøkingane. Samstundes vart eit større nytt felt med busetnadsspor frå jernalder avdekket og undersøkt. Katalogisering og rapportering er

igongsett og held fram inn i 2003. Kvåle-prosjektet i Time kommune vart avslutta innanfor dei føresette rammene. Rapporteringsarbeidet held fram i 2003 med ferdigstilling årsskiftet 2003/2004.

I Byparken i Stavanger gjennomførte museet ei førundersøking aust for Domkirken for å påvisa eventuelle kulturlag og murrestar frå mellomalder. I Breivatnet vart det gjennomført boringar i botnsedimenta for å påvisa eventuelle automatisk freda avsetjingar. Boringane var vellukka, og det vart funne avsetjingar og funn som kunne relaterast til busetnad og aktivitetar ved Kongsgård/Domkirken. Undersøkingane vart utførte for å gje Riksantikvaren eit grunnlag for vedtak etter kulturminnelova ved eventuell dispensasjonshandsaming for rehabilitering av Byparken.

Dei arkeologiske undersøkingane på Stavanger Katedralskole, Kongsgård, vart fullført i 2002. Dei siste undersøkingane ga overraskande funn av bygningsrestar av eit trehus frå mellomalderen.



Korgplante

På Kolbeinstveit i Suldal kommune gjennomførte museet ei mindre undersøking der det vart avdekket busetnadsspor i form av eldstader, kokegroper og stolpar frå eldre jernalder. Mindre flateavdekkjingar av busetnadsspor frå jernalder vart gjennomført på Engelsvoll i Klepp og på Varhaug i Hå kommune. Undersøkingane er rapportert i sju AmS-oppdragsrapportar. Resultata frå det omfattande tverrfaglege Gauselprosjektet vart publisert i AmS-Varia 39 og i AmS-Rapport 17.

I samband med dei større undersøkingane er det halde opne publikumsdagar. Populærvitskapelege artiklar er skrivne til «Frå haug ok heiðni». Undersøkingane på Hundvåg vart brukt som utgangspunkt for produksjon av ein film om arkeologisk verksemd. Filmprosjektet er utført i samarbeid med Høgskolen i Stavanger og finansiert av Norsk Kulturråd.

Bergkunstprosjektet har arbeidd med oppdatering av data til den nasjonale bergkunstbasen. Vidare er det arbeid med dokumentasjon og skjøtsel i Rennesøy og Ølen kommunar og med skjøtseloppfølging i Stavanger og Sola kommunar. Dessutan har det vore arbeid

med ein video på AmS si heimeside og rapport som skal publisera.



Korgplante, løvetanntype

Arbeidet med *fornminneregisteret* har vore utført med tilfredsstillande progresjon innanfor dei tildelte rammene. Organiseringa og gjennomføringa av arbeidet nasjonalt er under endring der hovudansvaret ligg hos RA.

Konservering



Sedimentkjerne

Konservering av arkeologiske gjenstandar: Vel 1000 gjenstandar er konservert. Meir enn halvdel av restansane frå dei siste fem års utgravingar er konservert preventivt/aktivt og ferdig for konservering. Det er ca 130 røntgenbilder. På Kongsgård vart det grave fram restar av byggkonstruksjon i tre.

Det er konservert arkeologiske gjenstandar for Vest-Agder Fylkesmuseum.

Konservingsstudentar frå Universitetet i Oslo har hatt turnustjeneste med opplæring innan arkeologisk konservering i fem månader og malerikonservering i fem månader.

Magasinrevisjon: Det vart handsama om lag 170 gjenstandar og teke 117 røntgenbilder.

Eksperimentell arkeologi: Det er laga rekonstruksjon av gjenstandar til utstillingane.

Naturvitenskaplege analysar: På

laboratoriet vart ein ferdig med det meste av prøvar frå årets feltsesong; 520 makrofossilprøvar, 255 pollenprøvar og 20 treprøvar. Oppbygging av tvillingkompetanse innan pollenpreparering er starta.

Bergkunstkonservering: Det er utført preventiv og aktiv konservering på fleire felt, og det er sett i gong prøveprosjekt innan malingstypar for helleristningar.

Steinkonservering: Heile året er det arbeidd med konservering, reinsing og restaurering av mellomalder murverk på Kongsgård, Stavanger katedralskole. Ein vinduskarm og ein dørkarm er rekonstruert ved tilhogging i kleberstein. Dette prosjektet er i samarbeid med Riksantikvaren.

Kunstkonservering: Det er oppretta ein samarbeidsavtale mellom Rogaland Kunstmuseum, Stavanger Museum og AmS om kunstkonservering. I tillegg til konservering av maleri og rammer for desse musea, er det utført fargeundersøkingar av Fogdahuset i Sandnes og farge- og tapetundersøkingar på Kongsgård. Det er laga rapport etter synfaring til Sandeid kyrkje, som er sendt til Riksantikvaren. I Egersund kyrkje er det dokumentert dekorerte felt på oppdrag frå Riksantikvaren. Det er gjennomført synfaringar og utarbeidd tilstandsrapport og naudkonservering på Beat Art-maleri, i samband med utstilling på Sørlandet Kunst-

museum i Kristiansand. Fleire synfaringar til andre oppdragsgjevarar har funne stad, herunder skadevurdering ved innbrot.

Konservering av gjenstandar frå nyare tid: Samarbeidet med regionmusea har gått etter planen. Alle musea er besøkt og det er utført preventiv og aktiv konservering for desse. I tillegg er det arbeidd med klimaanalysar på Rogaland Kunstmuseum.

Nye samarbeidsprosjekt: Det er arbeidd med å etablere eit prosjekt med hovudoppgåver å styrkja og utvikla fagmiljøet for konservering og restaurering i Rogaland, finansiert av og i samarbeid med SR-Bank, Rogaland fylkeskommune og Stavanger kommune. Hovudoppgåvene i dette prosjektet er å styrkja og utvida fagmiljøet for konservering og restaurering i Rogaland. Gjennom arbeid med prioriterte enkeltprosjekt skal auka kompetanse sikra vern av kulturarven. Prosjektet skal utføra konserveringstiltak i det offentlege rom til glede for ålmenta og med god geografiske spreieing i fylket

Internasjonale oppdrag: Arbeidet med rehabilitering og oppbygging av eit konserveringssenter i Zambia i samarbeid med Riksantikvaren, held fram. Det er arbeidd med rehabilitering av Nasjonalmuseet i Sarajevo for å vurdere bruken av midlar som Kultur- og kyrkjedepartementet hadde løyvd. Arbeidet vil fortsetja i 2003.

I samband med publikumsaktivitetar er det arrangert open dag i smia, to søndager på malerikonservering og ein søndag med konservering av gjenstandar frå nyare tid.

Andre oppdrag: For Utstein Kloster er det laga brønnhusport, monter i smijern, festa laus kleberstein i vinduskarm. På Ledaal er det laga fleire skilt i smijern og desse er montert på utsida av bygg. For Stavanger Museum er det laga eit stativ i smijern til eit elefant-skjelett. Det er føreteke konservering og restaurering av gjenstandar for private oppdragsgjevarar, og ein jordmorprotokoll frå Skien kommune vart frysetørka.

Det er føreteke synfaring til Kvitsøy kyrkje og plassert datalogg for måling av inneklimateet.

Og ein har utført konsulenthjelp for Sola Historielag innen rekonstruksjon av Regefunnet.

Totalt er det gjennomført 160 oppdrag.



Halvgras



Or



Alm

Oversikt

Styre


Styret i 2002 besto av:

Tora Aasland (dep)
Georg Førland (dep)
Torkel Myklebust (dep)
Jarle Braut (RFK)
Anne Selnes (SK)
Åge Pedersen (tilsette)
Marianne Nitter (tilsette)



Mari Høgestøl var konsituert direktør til 31 august.
Harald Jacobsen vart tilsett som ny direktør, og byrja i stillinga 1. september.

Organisasjonsplan 01.01.02



Personalet

Årsverk 2002	
Faste stillinger	65
Mellombels tilsette	15
Arbeidsmarknadstiltak	1
Lærlingar	1
Sivilarbeiderar	4
Årsverk til saman	86

Årsverka er fordelte på heiltids- og deltidstillingar. Om lag to tredeler er kvinner, og vitskapeleg tilsette utgjør om lag 25 årsverk, museumsfaglig 49 årsverk og administrasjon 12 årsverk.

Økonomi

Rekneskapen for 2002 har ei utgiftsramme på kr. 45 mill. kroner, som er innanfor den tildelte budsjettramma.

Post/år	1998	1999	2000	2001	2002
Lønn	11 042	11 086	12 694	13 138	15 229
Div.	4 349	4 921	3 829	3 514	3 370
Husleie mv.	9 904	10 245	10 482	10 643	10 623
	25 295	26 252	27 005	27 295	29 222
Oppdrag	19 940	19 414	16 824	16 671	14 251
Investeringer	2 689	2 638	2 657	2 740	2 807
Budsjettramme	47 924	48 304	46 486	46 706	46 280

Driftsinntektene har vore stabile ift. prisutvikling, medan inntektene frå oppdrag har vore synkande dei seinare åra.

Bygg

AmS disponerer bygg på om lag 9000 kvadratmeter, fordelt på hovudbygg, nybygg, lager og utleigebustad. AmS leiger bygget av Statsbygg, som har ansvaret for alle bygg og faste tekniske anlegg. AmS eig bygget sitt inventar og utstyr.





Pollen og sporer

– kjelde til kunnskap om vår forhistorie

Trær og urter dannar pollenkorn (blomsterstøv eller plantene sine sædceller), mens bregner, sneller og kråkefotplanter dannar sporer som eit ledd i formeiringa. Nokre planter produserer små pollenmengder. Dette er til dømes planter der insekter sørgjer for ei effektiv bestøving mens dei flyg frå blom til blom. Andre planter igjen, slik som dei vindbestøva artane, produserer derimot store mengder pollen. Dette er ei tilpassing plantene har fordi bare eit lite tal pollen vil falle ned på hoblomsten sitt arr og sørgje for ei vellykka befruktning. Dei fleste pollenkorn mislykkast i si ferd, og nokre fell ned på våte stader slik som i myrer og tjørner der dei blir lagra. Pollenkorn er uvanleg motstandsdyktige mot nedbryting i oksygenfattig miljø. Pollenkorna er ørsmå, og i mikroskopet kan me sjå at dei har forskjellige former. Skalet har ofte porer, furer og forskjellige mønstre som gjer at me kan skilje artane frå kvarandre. Kvar år blir det avsett lag på lag av både dyre- og plantedeler i myrer og tjørner. Både myra og tjørna har ei sjølvkonserverande verknad. I ei myr vil torvmosen vekse opp og dekke frø og andre deler frå planter som veks på myra eller i omgjevnadene utan at dei rotar bort. Torva vil vekse seg tjukkare og tjukkare for kvart år. Dersom vi grev oss ned mot botnen av ei myr eller borer oss nedover i ei tjørn, vil eldre og eldre lag dukke opp og verke som eit historisk arkiv. Med dette arkivet kan vi tyde naturen si utvikling og finne spor etter menneska sine inngrep. Å kunne tyde pollenkorna si historie er derfor ei viktig kunnskapskjelde til å kunne forstå vår forhistorie og det miljøet menneska levde under til ei kvar tid. Øydelegg me myrane eller tapper ut vatna, riv me ut blader frå dette historiearkivet for alltid.

Foto av pollenkorn er tatt av Knut Krzywinski:

- 12762: hassel (*Corylus avellana*)
- 12763: bjørk (*Betula pubescens*)
- 12764: lind (*Tilia cordata*)
- 12765: furu (*Pinus sylvestris*)
- 12766: syre (*Rumex* sp.)
- 12767: gran (*Picea abies*)
- 12768: korn (Cerealia)
- 12769: smalkjempe (*Plantago lanceolata*)
- 12770: einer (*Juniperus communis*)
- 12771: røsslyng (*Calluna vulgaris*)
- 12772: korn (Cerealia)
- 12773: korgplante (Asteraceae sp.)
- 12774: korgplante, løvetanntype (*Taraxacum* type)
- 12775: halvgras (Cyperaceae)
- 12776: or (*Alnus* sp.)
- 12777: alm (*Ulmus* sp.)

Dias frå boring i Kådastemmen på Mosterøy er tatt av Lisbeth Prøsch-Danielsen:

- 28240: Klargjering av russerbor
- 28241: Sediment blir tatt opp med boret
- 28257: Kjernene blir skildra, fotograferte og pakka i felt
- 28258: Sediment blir tatt opp
- 28260: Nærbilde av en sedimentkjerne frå botnen av Kåda-stemmen på Mosterøy. Her ser me lett skiljet mellom istid og etteristidssediment.



Peder Klowsgt. 30A
Postboks 478
N-4002 Stavanger
e-post: ams@ark.museum.no
internett: www.ark.museum.no

ISBN 82-7760-104-2

